Vintervedlikehald for Stranda kommune

Vedlegg 2 - Kravspesifikasjon

Stranda kommune

Næring og teknisk

Veg, vatn og avløp

Innhald

1 INNLEIING 3

2 GENERELT 3

2.1 OPPGÅVER 3
2.2 BEREDSKAPSTILLEGG OG BEREDSKAPSPERIODE 3

3 ARBEIDSOPPGÅVER OG SÆRLEG UTSTYR FOR DEN ENKELTE RODE 3

4 OPPDRAGSGJEVARS KRAV TIL TENESTA 4

4.1 FORKLARING TIL KRAVTABELL 4
4.2 GENERELLE KRAV 4
4.3 UTFØRING 4
4.4 STRØING 6
4.5 FORSIKRING 7
4.6 HMS 7
4.7 SERVICE, RESPONS OG BEREDSKAP 7

1 Innleiing

Dette vedlegget gjev meir informasjon om behovet og oppdragsgjevars krav til ytinga.

2 Generelt

2.1 Oppgåver

Vintervedlikehaldet omfattar desse oppgåvene:

- snøbrøyting
- snørydding
- strøing av salt og grus
- fresing
- beredskap, inkludert overvaking av vêrforhold

Vintervedlikehaldet gjeld ikkje brøyting av private vegar, då det vart vedtatt i kommunestyret 30.04.25 at kommunen skulle avvikle ordninga med brøyting av private vegar.

Det gjeld likevel nokre unntak for brukarar med vedtak om heildøgns omsorg etter helse- og omsorgslova, og brukarar som treng tenesta av andre vektige helsemessige eller sosiale grunnar.

Denne anskaffinga gjeld vintervedlikehald av ein delkontakt.

2.2 Beredskapstillegg og beredskapsperiode

Beredskapstillegget er på kr 15 770,- per månad per rode for sesongen 2026-2027.
Beredskapsperioden er sett frå 15. oktober til og med 15. april.

3 Arbeidsoppgåver og særleg utstyr for den enkelte rode

Rodenr/namn	Arbeidsoppgåver	Særleg påkravd utstyr
Rode 101 Stranda, Storgjerde/Langlo/ Jakob	Brøyting/strøing med traktor.	• Traktor skal minimum ha 120 hk eller meir. • Fres to-trinn, min 2,6 m breidde • V-plog, min 3,2 m breidde

Leverandøren kan i tillegg nytte anna eigna utstyr, men dette må vere inkludert i tilbydd timepris.

For detaljert oversikt over brøyteroda, sjå vedlegg 3 Rodekart rode 101. Mindre endringar/justeringar av roda kan gjerast.

4 Oppdragsgjevars krav til tenesta

4.1 Forklaring til kravtabell

#	Kravpunktets unike løpenummer.	
Skildring	Tekst som Skildrar kravet.	
Type	Absolutte krav (A)	Kravet er viktig og MÅ tilfredsstillast. Kravet er å sjå som eit minimumskrav. Dersom leverandør ikkje oppfyller absolutte krav, eller tilbodet inneheld vesentlege avvik frå absolutte krav, kan dette medføre avvising av tilbodet, jf. FOA § 24-8.
Dokumentasjon	Oppdragsgjevars krav til dokumentasjon av kravet. Det kor det krevst stadfesting er det tilstrekkeleg at det blir kryssa av i kolonnen «krav oppfylt».	
Krav oppfylt	Leverandør kryssar av kor vidt kravet er oppfylt eller ikkje.	
Kommentar	Leverandørs kommentar og løysingsbeskriving til kravet. Der leverandør ikkje finn det hensiktsmessig å leggje løysingsbeskrivinga inn i sjølve kravtabellen, kan beskrivinga leggjast i eige vedlegg. Kommentarkolonna skal i så fall innehalde referanse til kor løysingsbeskrivinga ligg, og det skal kome klart fram i løysingsbeskrivinga kva krav som utdjupast.	

4.2 Generelle krav

#	Skildring	Type	Dokumentasjon	Krav oppfylt (ja/nei)	Kommentar
1.	Leverandøren skal gjere seg godt kjent med roden(e) han har ansvar for, før brøytesesongens start.	A	Stadfest oppfylling.		
2.	Leverandøren skal ha tilgjengeleg maskiner i driftsklar stand for kommunen når vær- og føreforhold tilseier det.	A	Stadfest oppfylling.		
3.	Leverandøren skal kunne akseptere mindre endringar i vegliste.	A	Stadfest oppfylling.		

4.3 Utføring

#	Skildring	Type	Dokumentasjon	Krav oppfylt (ja/nei)	Kommentar
4.	Vegen skal ryddast i full bredde og rydding skal igangsetjast ved snødjupne 6/10 cm. På grunn av høgdeforskjell i rodene må kvar enkelt brøyter vurdere dei lokale forholda. Det må utvisast ansvar og rimelegheit. Sjå nærmare beskriving i Vedlegg 4 Oversikt Roder.	A	Stadfest oppfylling.		
5.	Leverandøren skal halde vegen farbar heile døgnet.	A	Stadfest oppfylling.		
6.	Ved snøfall om natta skal	A	Stadfest		

	Leverandøren ha gjennombrøyta vegen før tidspunkt vist i vedlegg 4, for roden.		oppfylling.		
7.	I tidsrommet 23.00 til 03.00 er kravet til igangsett brøyting 15 cm snødjupne.	A	Stadfest oppfylling.		
8.	Viss det på grunn av uvær, materiellskade, sjukdom eller andre grunnar ikkje er mogleg å gjennomføre normal brøyting, må teknisk vakt snarast mogleg underrettast.	A	Stadfest oppfylling.		
9.	Leverandøren skal brøyte og rydde møteplassar og busslommer parallelt med brøyting av sjølve vegbana.	A	Stadfest oppfylling.		
10.	Leverandøren skal brøyte og rydde vegskulder og vegkantar parallelt med brøyting av køyrebana.	A	Stadfest oppfylling.		
11.	Leverandøren skal prioritere brøyting av fortau på lik linje med rydding av køyrebana, dersom brøyting av fortau inngår som ein del av kontrakten.	A	Stadfest oppfylling.		
12.	Leverandøren skal planlegge brøyting på vegar utan fortau og utan separate gang- og sykkelvegar, slik at ein mest mogleg unngår at anlegg for fotgjengarar sperrast av snø frå køyrebana.	A	Stadfest oppfylling.		
13.	Leverandøren skal under brøyting vise tilbørleg omsyn til mjuke trafikantar, annan trafikk og vegens naboar. Det betyr at køyretøyet må setje ned farta, og slik unngå at møtande køyretøy får frontruter tildekt med snø eller at eigendommar langs vegen påførast skade.	A	Stadfest oppfylling.		
14.	Leverandøren skal ikkje utføre brøyting ved barnehagar og skular mellom kl. 0700 til 1600. Ved stort snøfall kan tilkomstveg brøytast etter avtalt tidspunkt med Kunden.	A	Stadfest oppfylling.		
15.	Leverandøren skal varsle Kunden v/teknisk vakt dersom det på kommunale vegar og stadar er påkravd med vedlikehaldsarbeid (for eksempel fjerning av is, brøytekantar eller strøing mv.).	A	Stadfest oppfylling.		
16.	Leverandøren skal varsle politiet dersom det går ras, eller det kan vere fare for at bilar eller folk er tatt av raset.	A	Stadfest oppfylling.		
17.	Leverandøren skal varsle Kunden v/teknisk vakt ved skadar på veg eller andre forhold som kan vere til fare for	A	Stadfest oppfylling.		

	trafikken.				
18.	Leverandøren skal passe på ved passering av bruer slik at det ikkje pressast så hardt mot rekkverka at det oppstår skadar.	A	Stadfest oppfylling.		
19.	Leverandøren må passe på ved vegrekkverk, vegvisarar, varselskilt m.m., slik at skade ikkje oppstår som følge av brøytinga.	A	Stadfest oppfylling.		
20.	Leverandøren skal utvise forsiktigheit under brøyting ved passering av ferister og kumlokk mv., slik at skade ikkje oppstår.	A	Stadfest oppfylling.		
21.	Leverandør skal sikre at alle som utfører brøyting på veg har gjennomført arbeidsvarslingskurs 1 før brøytesesongen startar. Leverandør må kunne dokumentere dette på førespurnad.	A	Stadfest oppfylling.		
22.	Leverandøren kan ikkje overdra forpliktingar etter denne kontrakt til andre. For kortare fråvær kan leverandøren stille med vikar som er godkjent av kommunen.	A	Stadfest oppfylling.		
23.	Leverandøren skal berre føre opp timar logga av GPS der det medtakast tid for brøyteroden, unntatt til- og fråkøyring. (Til- og fråkøyring til roden skal ikkje fakturerast.)	A	Stadfest oppfylling.		
24.	Leverandør skal føre brøyterapport etter gjeldande rutinar. GPS-utskrift dannar grunnlag for fakturering.	A	Stadfest oppfylling.		
25.	Leverandøren skal ikkje påta seg andre oppdrag som hindrar gjennomføringa av brøyting på kommunes rode.	A	Stadfest oppfylling.		

4.4 Strøing

#	Skildring	Type	Dokumentasjon	Krav oppfylt (ja/nei)	Kommentar
26.	Vegen skal strøast og skal igangsetjast ved behov, og etter avtale. Omfanget vert avtalt ved oppstart av kontrakt. (På grunn av høgdeforskjell i rodene må kvar enkelt tilbydar vurdere dei lokale forholda. Det må utvisast ansvar og rimelegheit.	A	Stadfest oppfylling.		

4.5 Forsikring

#	Skildring	Type	Dokumentasjon	Krav oppfylt (ja/nei)	Kommentar
27.	Leverandøren skal ha alle naudsynte forsikringar for eige utstyr, materiell samt yrkesskadeforsikring.	A	Stadfest oppfylling.		
28.	Leverandøren er sjølv ansvarleg for alle skadar, inkludert skadar på tredjepart, som direkte eller indirekte skyldast brøytinga.	A	Stadfest oppfylling.		
29.	Leverandøren skal rapportere skadar som påførast ved brøyting til Kunden, v/teknisk vakt.	A	Stadfest oppfylling.		
30.	Leverandøren skal varsle Kunden v/teknisk vakt dersom han meiner at vegar er for dårleg merka med brøytestikker.	A	Stadfest oppfylling.		

4.6 HMS

#	Skildring	Type	Dokumentasjon	Krav oppfylt (ja/nei)	Kommentar
31.	Leverandør skal ha rutinar for å ivareta HMS-system i eiga verksemd, jf. forskrift om internkontroll. Kommunen kan til ein kvar tid krevje HMS-rutinar dokumentert.	A	Stadfest oppfylling.		

4.7 Service, respons og beredskap

#	Krav	Type	Dokumentasjon	Krav oppfylt (ja/nei)	Kommentar
32.	Responstida skal maksimalt vera 60 minutt. Responstid reknast som den tida det tek frå snømengda når 6/10/15 cm til kontraktarbeid er starta opp på den enkelte roda. Dersom responstida ikkje vert halden fell krav på beredskapstillegg for den aktuelle dagen bort.	A	Stadfest oppfylling.		
33.	Leverandøren skal vere tilgjengeleg på telefon for Kunden.	A	Stadfest oppfylling.		
34.	Leverandøren skal oppgje telefonnummer til førar/førarar av køyretøy nytta til utføringa av	A	Stadfest oppfylling.		

	oppdraget til Kunden v/Teknisk vakt, og skal halde nummer oppdatert under heile kontraktsperioden.				
35.	Leverandøren skal ha beredskap i heile beredskapsperioden frå og med 15. oktober til og med 15. april.	A	Stadfest oppfylling.		
36.	Leverandørens mannskap med maskiner og utstyr skal vere i beredskap og kunne rykke ut innan dei fristar som er sett i heile beredskapsperioda.	A	Stadfest oppfylling.		
37.	Dersom vinterarbeid er påkravd utanom den fastsette beredskapsperioda, har leverandøren plikt å utføre dette på forlangande, i samsvar med prisar inngitt i tilbod.	A	Stadfest oppfylling.		
38.	Leverandøren skal halde oppsyn med roda og behov for brøyting/vintervedlikehold.	A	Stadfest oppfylling.		
39.	Leverandør skal disponere over traktor og, som minimum, særleg påkravd utstyr for den enkelte rode, lista opp i tabell under punkt 3 over. Traktor er naudsynt for å kunne handtere fleire reiskap samtidig og kunne handtere utstyret på små og tronge vegar inn til hus.	A	Stadfest oppfylling. Fyll inn informasjon om maskin og utstyr i tabellar i vedlegg 1 Pris og utstyr.		
40.	Traktor og særleg påkravd utstyr skal vere dedikert til éi enkelt rode.	A	Stadfest oppfylling.		
41.	Leverandør må seinast ved oppstart av kontrakt ha tilgang til reservemaskin som kan settast inn i tilfelle havari, og reservemannskap i tilfelle sjukdom og liknande. Reservemaskina er unntatt miljøkrav og krav til alder. Timepris for reservemannskap og maskin skal være lik ordinær timepris. Reservemaskin skal berre nyttast ved havari/driftsproblem ved hovudmaskin og må avklarast med oppdragsgjevar.	A	Stadfest oppfylling. Gjer kortfatta reie for korleis kravet er planlagd oppfylt i kommentarfeltet. Dersom reserveutstyr og mannskap er kjent ved tidspunkt for tilbodslevering, skal informasjon førast opp i Vedlegg 1 Pris og utstyr.		
42.	Eventuelt nytt utstyr eller maskiner skal vere tilsvarande eller betre enn det utstyret som låg til grunn for det opprinnelege tilbodet.	A	Stadfest oppfylling.		
43.	Dersom det gjerast endringar på utstyr eller maskiner skal	A	Stadfest oppfylling.		

	oppdragsgjevar gjevast beskjed om dette innan 24 timar etter endringa.				
44.	Leverandøren må feste kommunens GPS-utstyr i eigen maskin. Det skal vere elektronisk logging (GPS) av utført brøyting i kontraktsperioden. Leverandøren må disponere over mobil eller anna utstyr som gjer det mogeleg å loggføre køyringa.	A	Stadfest oppfylling.		
45.	Leverandørs personell skal møte på oppstarts-/evalueringsmøte for brøytarane i regi av Kunden, dersom slikt møte blir heldt. Partane bærer eigne kostnadar for desse møta.	A	Stadfest oppfylling.		